



Tingvoll, 20.4.2020

Tingvoll kommune

REGULERINGSPLAN – BEITERÅSEN – FRÅSEGN

Vi viser til reguleringsplan for Beiteråsen som er sendt på avgrensa høyring.

Vi vil gjere merksam på følgjande:

Vi saknar opplysningar om framande artar i samband med det arbeidet som er gjort med endringane av reguleringsplanen.



Kartutsnittet er frå Artskart, og her er det avmerka i alt 9 registreringar (brune punkt) av framandartar. Dette gjeld 3 registreringar av hagelupin (SE) og 6 registreringar av klustersvineblom (SE). Hagelupin er utbreidd på eit betydeleg areal, klustersvineblomen har moglegvis ikkje klart å spreie seg så mykje endå. Vi er kjent med at Folden grønt og plan har laga eit notat til Tingvoll kommune om førekomsten av klustersvineblom på denne staden. Dette blir lagt ved.

Sjølv om alt som var av klustersvineblom blei fjerna frå staden hausten 2019, er det sannsynleg at det finst planter som er oversett og frø som har ramla av før plantene blei samla inn. Lukinga i 2019 blei gjort med tanke på at ein kanskje kunne finne ut om ein slik førekomst kunne fjernast eller om det alt var for seint. Vi kjenner ikkje til om klustersvineblom har frøbank, men boersvineblom i same slekta har det i alle fall. Ein må difor ta høgde for at frø kan spire i fleire år framover, viss ein ikkje kan dokumentere noko anna. Hagelupin har langvarig frøbank. Frø kan spire etter 50 år i jorda.

Området det gjeld vil truleg bli endevidt i samband med ny avkøyring og tilhøyrande veg.

Det er generelt ganske mykje spreiding av hagelupin rundt Straumsnes skule. Det kan vere opphavet til førekomsten også her. Når det gjeld klustersvineblom er ikkje denne registrert i dette området frå før. Det ser ut til at førekomsten her er knytt til nokre haugar med sand som vi har fått opplyst stammer frå kostebilen som er bruka langs E39. Viss det er brukt kostebil som har vore på Sunndalsøra og ikkje har vore skikkeleg reingjort, er det sannsynleg at dette er forklaringa på førekomsten.

Sand som er samla opp på denne måten meiner vi elles må leverast til godkjent mottak, då denne sanda ofte er ureina.

Vi ber difor om at det blir tatt inn eit punkt i planbestemmelsane om at det er krav til kartlegging av framande artar, og at det før det blir gjort inngrep blir gjort vurderingar om korleis massar som kan vere infisert skal handsamast for å unngå vidare spreiding.

Det må også gjerast ei vurdering av om sandhaugane frå kostebilen skal handsamast som ureina masse.

Med helsing

Øystein Folden